

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	19.11.2025
Vår referanse	2025/54578-2
Dykkar referanse	202412996-2
Sakshandsamar	John Anton Gladsø
E-post	John.Anton.Gladso@vlfk.no
Telefon	48225890

Fråsegn til søknad om uttak av grunnvatn til reservevassforsyning og smoltproduksjon - Hermansverk - Sogndal kommune

NVE har fått ein søknad frå Sogndal kommune om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn frå elveavsetningar langs ved Henjaelvi i Hermansverk. Vassmagasinet skal fungere som reservevassskjelde for Leikanger vassverk, og uttaket av vatn skal nyttast til smoltproduksjon ved Osland Genetics når Leikanger vassverk er i normal drift. I periodar der begge har behov for vatn, skal drikkevassforsyning prioriterast.

Etter vassforskrifta er Henjaelvi vurdert å vere eit sterkt modifisert vassdrag pga. endra habitat som følgje av morfologiske endringar, inkludert overføringar. Innan desse rammene er det vurdert at godt potensiale er nådd. I tillegg er øvre del av nedbørfeltet utnytta til produksjon i Leikanger kraftverk som har utløp til fjorden ved Suppam, lengre ute i fjorden. Nedstraums dette tek kommunen ut drikkevatt og Osland genetics ut vatn til settefiskproduksjon. Dette gjer at vassføringa i Henjaelvi er vesentleg redusert i høve til tidlegare. Dersom det skal utnyttast vatn frå grunnvassbrønnar er det viktig at dette ikkje fører til ytterlegare redusert vassføring i Henjaelvi. Dette vil kunne redusere tilhøva for fisk og ferskvassorganismar, og redusere miljøtilstanden etter vassforskrifta.

Med helsing

Marlene Sørli
rådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

John Anton Gladsø
seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

SOGNDAL KOMMUNE

Postboks 153

6856

SOGNDAL

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER